

**Sakshandsamar:**Frank Tore Farsund Tveit
E-post: Frank.Tore.Farsund.Tveit@sfj.no
Tlf.:**Vår ref.**Sak nr.: 17/7218-4
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

46401/17

Dykkar ref.**Dato**

FØRDE, 06.12.2017

NM i friidrett 2018
Breimsbygda idrettslag
v/Rolf Kjetil Egge

6826 BYRKJELO

Svar – søknad om tilskot til NM i friidrett 2018.

Viser til søknad datert 10.09.2017. Der søker de om tilskot til NM i friidrett 2018 på 347 110 kr. NM i friidrett vert arrangert på Byrkjelo 17.-19. august 2018.

Fylkesdirektøren har funne rom i budsjettet til å løyve 100.000 til arrangementet.

Fylkesdirektøren føreset at midlane vert sett av til gjennomføringa av idrettsdelen av arrangementet, med fokus på gjennomføring av arrangementet og styrking av arrangørkompetansen hjå Breimsbygda idrettslag som arrangør, og Byrkjelo Stadion som arrangementsarena.

Det er knytt følgjande vilkår til utbetaling av midlane:

- Arrangementet må vere gjennomført i samsvar med søknad.
- Rapport og revidert rekneskap må leverast. Siste frist for rapportering er 1. november 2018.

Tilskotet vert utbetalt på oppmoding frå dykk.

Innsynsrett

Saksframstillinga er offentleg. Du har rett til å sjå alle dokument i saka. Eventuelle spørsmål i tilknytning til dette brevet kan rettast til sakshandsamar.

Klage

De har høve til å klage på vedtaket innan tre veker etter at de har motteke dette brevet. Ein eventuell klage sender de til Sogn og Fjordane fylkeskommune, næring og kulturavdelinga. Nærare opplysningar om retten til å klage finn du i vedlagte skjema. Meir utfyllande informasjon finn du i Klagehandboka på www.sfj.no. Har du fleire spørsmål om dette kan du kontakte sakshandsamar.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektørFrank Tore Farsund Tveit
trainee

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:Klageorientering
Rapportskjema kulturmidlar**Mottakar (ar)**

NM i friidrett 2018 Breimsbygda idrettslag 6826 BYRKJELO